



Entusiasten Sverre Sørnes saman med uskedalingane Ivar Kåre Døssland og Torfinn Myklebust, som er med og lagar idrettsplan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ved utbygging av idrettsanlegg bør ein satsa på eit tilbod som er breiast mogeleg og spørja: Kva får vi mest att for?

Det var spørsmålet til Sverre Sørnes - niddobbel Norgesmeister i hinder og terrengløp - då han idag var innleiar i startkonferansen på Husnes for kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet.

Planen skal gjelda for perioden 2012-2020 og 4 uskedalingar er blant dei 9 i prosjektgruppa.



Sverre Sørnes teikna eit dystert bilete av den fysiske tilstanden til dei unge. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei 4 er kultursjef Kristian Bringedal, Per Myklebust frå idrettsrådet, Ivar Kåre Døssland frå tekniske tenester og Torfinn Myklebust frå formannskapet.

Dei høyrde Sørnes teikne eit svært dystert bilete av situasjonen spesielt for dei unge og held fram at vi no har eitt sjukevesen og ikkje eitt helsevesen.

Som døme på det peika Sørnes mellom anna på at Noreg no har 60.000 narkomane og at ungdommen drikk dobbelt så mykje som for 10 år sidan.

Sørnes streka under at vi må få ein heilt annen haldning til førebyggjing og koma ut av det passiveringssamfunnet vi no lever i. Meir mosjon og sunn mat er aktuelle stikkord.

Eldsjelen Sørnes har gjort ein kjempeinnsats med utbyggjing av idrettsanlegg i Strandebarm, der han er lærar. Friidrettshallen i Haugesund er blant dei anlegga han er mest begeistra for. Der er det ikkje berre plass for eit breitt friidrettstilbod for 60-70 aktive på ein gong men også to handballbanar.

Entusiastene var sterkt kritisk til at det er stopp i utbyggjinga av friidrettsbanar i fylket. Han roste den svenske modellen som nettopp går ut på å satsa så allsidig som mogeleg for å få så mange i aktivitet som mogeleg. Difor er dei fleste idrettane like store i dei fleste byane i nabolandet. Sørnes minte også om at utbyggjingsplanane i Sverige blir justerte for kvart år. Han slo til lyd for 1 time gymnastikk kvar dag i skulen

Rådgjever Ronny Lockert frå Bergen kommune opplyste at byen no har 40 kunstgrasbanar og planar om 13 til i kommande planperiode. Han slo fast at dei som ikkje har kunstgrasbane er dei store taparane.

Kulturkontoret skal samordna materialet og planen skal til kommunestyret i november. Samarbeid om sentrale idrettsanlegg og etterlysning av idrettskonsulent var to hovudpunkt under konferansen.

Av Ola Matti Mathisen